



Referat frå møte i SU 25.11.25

Til stades:

Viktor Hognestad Liland, elev 7.trinn (forfall)
Oda, Byberg, elev 6. trinn
Julie Sægrov Holm, elev 5. trinn
Kristian Hognestad, FAU
Ingrid Underhaug Nielsen, FAU
Kjetil Hustoft, politkar
Hanna Aase Undheim, tilsett
Ingveig Nærland Ødegård rektor
Kristin Sando, tilsett

Saker:

9: Digital praksis i Time- kva er konsekvensane for oss?

Det er laga ny strategiplan i Time kommune som gjeld frå 01.01.26. Time kommune var tidleg ute i arbeidet med å laga retningslinjer kring det digitale livet, der det mellom anna skal vera tema på foreldremøta i 1., 5. og 8.klasse. Då skal ein ta opp tema knytt til søvn og grensesetting. Skulen skal laga eigen plan og arbeide vidare med kompetanseheving av dei ansatte dei neste månadane. Skulen kan òg få veiledning av PPT knytt til balansen mellom analog og digital undervisning og knytt til elevar som har rett på tilpassa opplæring.

Planen skal gjera oss bevisste på kor tid ein nyttar skjerm/ipad i skuletida og kor tid ein nyttar lærebøker. Me skal læra elevane om skjermbruk, psykisk helse, konsentrasjon og læring. Det skal òg vera begrensa skjermtid i SFO. På Hognestad SFO har me allereie i dag lite skjerm/ipad tid. I planen er det og eige punkt om at føresette kan få rettleiing i bruk av skjerm frå skulehelsetenesta, barneverntenesta og flyktningetenesta.

10. Nasjonale prøvar

Resultata viser at me er stabilt gode på lesing og matematikk på 5.klasse, men me klarer ikkje å løfta elevane til 8.klasse. Viktig å hugsa på at me har små klassar som får store utslag på nasjonale prøvar. I engelsk scorer me lågare enn snittet i Time kommune på 8.trinn, men det har betra seg når dei kjem til 10. trinn.

Testane viser at elevane får til oppgåver med alternativ (leit og finn), få ledd og visuelle oppgåver. Oppgåver som ligg nær til interessane får dei òg til.

Elevane strever meir med vanskelegare tekstar med mykje informasjon, oppgåver der ein må tolka og reflektere, og fleire ledd, samt divisjon i matematikk. Framover vil me arbeide meir med autentiske tekstar t.d frå framtida junior, fagtekstar, arbeide med tolka spørsmål, ulike oppgåvetypar, forklara oppgåva for kvarandre, tekstoppgåver med divisjon og oppgåver med fleire ledd. Me fortset òg med satsinga på engelsk.

11. Trafikksikring status

Kort oppsummering; FAU meldte inn saker til kommunen i november 2023, rektor purra i mai 2025, då me ikkje hadde høyrte noko i mellomtida. Då fekk me svar same månad. Det er meldt inn ønske om punktbelysning nord i Grødemsvegen og lys langs Herikstadvegen. Kommunen sende henvendingar til fylkeskommunen om lys, dette var dei negative til, det er òg ei utfordring at fleire av kryssa er mellom kommunale og fylkeskommunale vegar.

Det har òg kome fram at skulen/FAU kan ta direkte kontakt med fylket, det kan vera lettare å få positivt svar då, t.d om å reinska for blader på hausten.

Me har òg blitt lova at Trafikksikringsutvalet framover skal senda svar til skulane med årleg oppdatering etter innmeldte saker. Det kom innspel på møtet om å leggja ut ei oppfordring på Facebook på den lokale gruppa, og eventuelt senda ei Visma melding til foreldra med oppfordring om å køyra forsiktig.

12. Skuleruta for dei to neste åra - planleggingsdagar sett?

Skuleruta gjekk me gjennom på sist møte, no vil det koma nokre endringar i høve til planleggingsdagar. Fire faste (i samarbeid med SFO, og barnehagane), og to valfrie per skule, per skuleår. SU anbefalar at skulen tek avgjersla sjølv.

13. Anna

- Elevrådet etterlyser taubanen. Den er til reparasjon, skulen håper den er på plass igjen før jul.
- Ein kort runde på kommunebudsjett og omstillingsprosessen kommunen er i. Reduksjon og omstilling på alle områder i løpet av ein fireårsperiode.

Neste møte 10.02.26 kl.19.30-20.30

Referent

Kristin Sando